

Årsmelding 2018

Styret har i 2018 vert samansett som fylgjer::

Knut M. Bjørnås	Styreleiar
Linda Haug Kollbotn	Nestleiar
Anne Gro Aadland	Sekretær
Johannes Bruvik	Styremedlem
Frode Odland	Styremedlem
Erlend Steinsland	Styremedlem
Ove Henning Bjørsvik	Styremedlem
Karl Kollbotn	Kommunal representant
Vara medlemmar :	Karina Liøen Frøland og Jan Gunnar Våge
Vara kommunal representant	Knut Harald Frøland Vara for Kommunal representant
Revisor :	Arne Nordbø
Valnemnd :	Toralv Sæterhaug og Kjell Odland.

Ved årsskiftet hadde forumet 30 betalande medlemmar – ein nedgang på 2 frå førre år. I eit forsøk på å auka medlemstalet sendte styret eit brev til 10 potensielle næringsdrivande, med oppfordring om å teikna medlemsskap. Dette førte diverre til kunn eitt nytt medlem.

Aktivt år.

2018 var eit nytt aktivt år for næringsforumet. I alt vart det halde 6 styremøte og 2 arbeidsmøte der ein primært har arbeida med nytt turist og aktivitetskart for Samnanger.

I tillegg til styremøta vart det halde fellesmøte med forretningsutviklar for nye Bjørnafjorden næringsråd, og eit fellesmøte mellom næringsdrivande, administrasjonen i Samnanger Kommune og styremedlemmar frå Kvamskogen Vel. Hensikta med fellesmøta var å diskutera korleis ein kan samarbeida om næringsutvikling i regionen. I tillegg ynskjer styret å marknadsføra noko av det Samnanger kan tilby turistar, hyttefolk og andre vegfarande. Tilbakemeldingar frå desse fellesmøta er gode, og det er avtalt å fylgja opp med nye fellesmøte for å diskutere nye felles utfordringar og løysingar.

Diverse kurs.

Også i år har Samnanger Næringsforum i samarbeid med Kursverkstedet fått tildelt midlar frå Kompetanse Norge. Tildelinga dekker i alt 140 kurstimar. Næringsforumet har inngått avtale med Kursverkstedet om i alt 24 timer a Kr 560 + MVA skal betalast til Forumet som kompensasjon for arbeid med tilrettelegging og utgifter til materiell etc. Betaling ved avslutning av kursa.

Som for førre meldingsår er det gjennomførte kurs i marknadsføring ved bruk av sosiale media, kurs i bruk av Outlook, Word, Excel og PowerPoint. Påmelding til kursa var gode, men frammøte på kursdagane har variert mykje. For at flest mogeleg skal kunna delta uavhengig av arbeidstid, vart kursa gjennomført tysdagar melom kl. 1400 - 1700 og mellom kl. 1800 - 2100. (Same kurs begge tidsintervalla).

I slutten av kursperioden (våren 2018) vart det drøfta om her var nok interesse for ein ny søknad til Kompetanse Norge. Søknaden var tenkt å gjelda tilskot til leksekurs for foreldre med born i skulepliktig alder. Skuleadministrasjonen vart invitert og møtte i eit møte der dette vart diskutert. Grunnlaget for å kunna starta ein slikt kurs er at ein har minimum 7 – 8 påmeldte.

Tilskot frå Kompetanse Norge er primært tiltenkt kompetanseheving for tilsette i næringslivet eller medlemmar i Næringsforumet. Sjølv om skuleadministrasjonen var positiv til tiltaket, vart konklusjonen at «marknaden» er avgrensa, og at det var for stor usikkerheit omkring tilstrekkeleg påmelding til å starta kurset. Foreløpig er det ikkje planlagt nye kurs i kompetanseheving.

Turist og aktivitetskart

Tidlegare har Samnanger Næringsforum aktivt delteke saman med eit utval frå Samnanger Kommune og EA studio i ei arbeidsgruppe med formål å få laga ei oppdatert brosjyre med formål å profilera Samnanger Kommune og næringsdrivande her. For brosjyren, som var ferdig i november 2017, har ein fått gode tilbakemeldingar, men fleire har etterlyst eit kart som viser kvar i kommunen ein finn det som er omtalt i brosjyren, og kva anna det er vert å vitja. Dette gjeld servicenæringar, attraksjonar så vel som sport- og friluftsliv.

Styret har lagt ned eit omfattande arbeid med å få laga eit oppdatert kart, og ein meiner no å ha fått med dei fleste tilboda kommunen kan tilby.

Sjølve kartet med tilvisingar er ferdig, men det står att arbeid med å utforma framsida med omtale og fotos. Ein reknar med å ha kartet ferdig til trykking i god tid før ferien. I tillegg til innlegg i brosjyren, vil kartet verta lagt ut på stader der besøkjande ferdast, både innanfor og utanfor kommunen. Medlemmar av næringsforumet får høve til å annonsera i kartet.

Høyringsuttale

Næringsforumet har gjennom meldingsåret uttalt seg om fylgjande saker:

- Høyringsuttale om K 5 ny E16 og jernbane mellom Arna og Stanghelle. Vår uttale omhandlar strekningen Arna til Trengereid, og inneheld fleire forslag til bruk av overskotsmassar.
- Høyringsuttale i samband med planprogram for detaljregulering av Børdalen Næringsområde.

Kopi av uttalanane er lagt ut på Næringsforumet sine heimesider (www.samnanger-næring.no).

Samarbeid med Bjørnafjorden næringsråd.

Bjørnafjorden Næringsråd vart stifta 24. mai 2018, etter ei samanslåing av Fusa Næringslivslag og Os Næringsråd. Bjørnafjorden Næringsråd er ein medlemsorganisasjon som arbeider for styrking av lokalt næringsliv, og i tillegg vera ein arena for nettverk og tilretteleggjar for samarbeid, gründerskap og vekst i eksisterande verksemdar. I dag har Bjørnafjorden Næringsråd to tilsette i 50% stillingar kvar. Målsettinga for næringsrådet er stadig å auka aktiviteten.

På eit styremøte i Samnanger Næringsforum deltok Fredrik Schmidt Fotland som er forretningsutviklar for Bjørnafjorden næringsråd. Formålet var å diskutera mogeleg samarbeid om næringslivsspørsmål.

Bjørnafjord-regionen står framfor ei svært spanande utvikling i åra som kjem, og då har me alle ein betydeleg «oppsider» ved å arbeids saman for å skapa eit sterkt næringsliv i regionen. Det synes naturleg å samarbeida av di me har tilstøytane geografisk nærheit. Det vart hevda at samarbeid vil styrka regionen og gjev moglegheit til felles satsing og dermed saman dra nytte av utviklinga.

Målsettinga for eit samarbeid vil vera å skapa meir aktivitet, skapa møteplassar og nettverk samt fagleg treff. Dessutan vil ein kunna auka medlemstalet og skapa inntekter frå ulike hald.

Kva samarbeidsform me vil ha er det ikkje teke stilling til, her vert vegen til mens ein går. Mogelege samarbeidsformer kan vera: Samarbeid om aktivitetar, medlemskap eller samanslåing. Styret i Næringsforumet har kort drøfta dette, og er mest innstilt på å samarbeida om aktivitetar. Forutsetninga er at Næringsforumet sine medlemmar kan delta på arrangement og aktivitetar på lik linje med medlemmane i Bjørnafjorden næringsråd.

Andre samarbeidsformer (medlemskap eller samanslåing) er ei sak som må handsamast og takast stilling til av årsmøte. Styret vil vera takksam for innspel frå medlemmane i denne samanheng.

I ein oppstart og prøveperiode vil medlemsverksemdene i Samnanger får tilgang til det som skjer i regi av Bjørnafjorden Næringsråd. Verksemdene vil mellom anna jamleg få mail med tilbod om ulike typar arrangement.

Ein kan og følgja med på aktivitetane på Bjørnafjorden næringsråd si heimeside www.bjornafjordennaringsrad.no

Eller Facebook:

<https://www.facebook.com/bjornafjordennaringsrad>

* * * * *